

Styremøte i Herand Bygdelag 26.03.14 kl.18.00-21.30

Møtestad : Herand Kulturhus

Til stades : Dan Danielsen, Sigmund Eiken, Arne Bergstø, Knut Haugen, Hanne Elisabeth Hesthamar, Kaia Gulbrandsen, Sonja Irene Skarde, Marta Bergstø.

Møtet vart leia av Dan Danielsen. Han vart vald til leiar for Herand Bygdelag på årsmøtet 23.03.14

Sak 1, Konstituering av styret.

Leiar : Dan Danielsen

Nestleiar : Sigmund Eiken

Skrivar : Marta Bergstø

Styremedlemmer : Arne Bergstø, Knut Haugen, Kaia Gulbrandsen, Sonja Irene Skarde.

Kasserar : Gerd Ingeborg Haugen som nyleg gjekk ut or styret, har sagt seg villig til å fungera som kasserar inn til vidare.
Sonja Irene Skarde vart vald som ansvarleg for utleige av lokala.

Årsmøtet valde desse varamedlemmene:

1.vara : Hanne Elisabeth Hesthamar. Ho møter på alle styremøter

2.vara : Marit Huus

3.vara : Bjørg Samland

Sak 2, Bygdelaget sine representantar i andre styre:

Arne Bergstø er Bygdelaget sin representant i styret for Herand Omsorgsbustader.

Knut Haugen er Bygdelaget sin representant i styret for Herand Aktiesagbruk.

Kaia Gulbrandsen som sit i bladstyret for Herand Bygdebladet, er ansvarleg for å formidla "Smånytt" frå Bygdelaget til Bygdebladet.

Den tidlegare leiaren for Herand Bygdelag, Sidsel Haugen, som nyleg valde å gå ut or styret, har sagt seg villig til å sitja eitt år til i styret for Frivilligheitsentralen der ho vart vald inn for to år i fjor. Dette vart einstemmig vedteke.

Sak 3, Utbyte Herand Omsorgsbustader:

Styret bestemte at utbyte på kr. 40.000 frå Omsorgsbustadene skal brukast til nedbetaling av lån på Herand Kulturhus. Dette er pr i dag kr.108.000.

Sak 4, Båtbyggarmusèet:

Sverre Haugen har i brev til Bygdelagstyret for 2013 teke opp kven som skal drifta Båtbyggarmusèet.

Noverande styre valde Sverre Haugen og Dan Danielsen til å ta seg av dette.

I tillegg tok Sverre Haugen skriftleg opp spørsmålet om at taket på Båtbyggarmusèet lekk.

Dersom Herand Bygdelag tek på seg kostnadene med nytt tak, må leigetida forlengast, og det må skrivast ny kontrakt. Dan Danielsen sa seg villig til å skriva eit forslag til årsmøte i Herand Båthamn.

Sak 5, Nytt kjøken:

Sigmund vart vald til leiar for ein komitè som skal ta seg av å utarbeida forslag til ei løysing av nytt kjøken for Herand Kulturhus. Saman med han valde me Arne Bergstø, Kaia Gulbrandsen, Hanne Elisabeth Hesthamar og Bjørg Samland.

Dei må leggja fram eit kostnadsoverslag.

Sak 6, Skilting:

Styret ynskjer å få laga eit skilt over hovudinngangen til Herand Kulturhus og eit i skulesvingen. Sigmund og Arne fekk i oppdrag å undersøkje kven som kan laga dette.

Sak 7, Tilskipingar og møter:

Bygdekafè søndag 06.04.14 kl.16.00-18.00

Dugnadmøte tysdag 08.04.14 kl.18.00-19.00.

Ansvarleg : Sigmund Eiken

Styremøte tysdag 08.04.14 kl.19.00

Marta Bergstø : skrivar.